Fyrste Mosebok

Gud skaper verda

1 I opphavet skapte Gud himmelen og jorda. [2] Jorda var aud og tom, og mørker låg over havdjupet. Men Guds Ande sveiv over vatnet. [3] Då sa Gud: «Det verte ljos!» Så vart det ljos. [4] Og Gud såg at ljoset var godt, og han skilde ljoset frå mørkret. [5] Gud kalla ljoset dag, og mørkret kalla han natt. Og det vart kveld, og det vart morgon, fyrste dagen.

[6] Då sa Gud: «Det skal verta ein kvelv midt i vatnet; han skal skilja vatn frå vatn!» Og det vart så. [7] Så gjorde Gud himmelkvelven og skilde vatnet som er under kvelven, frå vatnet som er over han. [8] Gud kalla kvelven himmel. Og det vart kveld, og det vart morgon, andre dagen.

[9] Då sa Gud: «Vatnet under himmelen skal samla seg på ein stad, så det faste landet kjem til synes!» Og det vart så. [10] Gud kalla det faste landet jord, og vatnet som hadde samla seg, kalla han hav. Og Gud såg at det var godt.

[11] Då sa Gud: «Jorda skal la grøne vokstrar gro fram, planter som set frø, og tre som ber alle slag frukt med frø i, på jorda!» Og det vart så. [12] Jorda bar fram grøne vokstrar, planter som set frø, kvar etter sitt slag, og tre som ber frukt med frø i, kvart etter sitt slag. Og Gud såg at det var godt. [13] Og det vart kveld, og det vart morgon, tredje dagen.

[14] Då sa Gud: «Det skal verta ljos på himmelkvelven. Dei skal skilja mellom dag og natt og vera merke på høgtider, dagar og år. [15] Dei skal skina på kvelven og lysa ut over jorda.» Og det vart så. [16] Gud skapte dei to store ljosa, det største til å råda om dagen og det minste til å råda om natta, og stjernene. [17] Gud sette dei på himmelkvelven til å lysa ut over jorda, [18] til å råda om dagen og natta og til å skilja ljoset frå mørkret. Og Gud såg at det var godt. [19] Og det vart kveld, og det vart morgon, fjerde dagen.

[20] Då sa Gud: «Det skal yrja med liv i vatnet, og fuglar skal flyga over jorda, oppunder himmelkvelven.» [21] Så skapte Gud dei store sjødyra og alt liv som det yr og kryr av i vatnet, kvart etter sitt slag, og alle dyr som har venger å flyga med, kvart etter sitt slag. Og Gud såg at det var godt. [22] Han velsigna dei og sa: «De skal veksa og aukast og fylla vatnet i havet, og fuglane skal aukast på jorda!» [23] Og det vart kveld, og det vart morgon, femte dagen.

[24] Då sa Gud: «Jorda skal la alle slag levande skapningar gå fram, fe, kryp og villdyr, kvar etter sitt slag.» Og det vart så. [25] Gud skapte alle slag ville dyr og alle slag fe og krypet på marka av alle slag. Og Gud såg at det var godt.

[26] Då sa Gud: «Lat oss skapa menneske i vårt bilete, i vår likning! Dei skal råda over fiskane i havet og fuglane under himmelen, over feet og alle villdyra og alt krypet som

---

1,1 *skapte:* Det hebr. verbet som vert nytta her, står alltid med Gud som subjekt. **1,1** 2,4; Job 38; Sal 8; 33,6; 104; Joh 1,1.3; Kol 1,16 **1,3** Sal 33,9; 2 Kor 4,6 **1,7** *vatnet som er over han:* himmelhavet. Sml. 7,11; Sal 104,2ff; Job 36,27f. **1,7** Sal 104,3; 148,4 **1,9** Sal 33,7; 104,6ff **1,14** Sal 104,19; Jer 31,35 **1,16** Sal 136,7ff **1,26** 5,1.3; 9,6; Sal 8,7ff

krælar på jorda.» [27] Så skapte Gud
mennesket i sitt bilete, i Guds bilete
skapte han det, til mann og kvinne
skapte han dei. [28] Og Gud velsigna
dei og sa til dei: «De skal veksa og
aukast, fylla jorda og leggja henne
under dykk. De skal råda over fiska-
ne i havet og fuglane under himme-
len og alle dyr som det kryr av på
jorda!» [29] Og Gud sa: «Sjå, eg gjev
dykk alle planter som set frø, så
mange som finst på jorda, og alle tre
som ber frukt med frø i. Dei skal ve-
ra til føde for dykk. [30] Og alle dyr på
jorda, alle fuglar under himmelen og
alt som kryp på jorda, alt som har
livsande i seg, gjev eg alle dei grøne
plantene til føde.» Og det vart så.
[31] Og Gud skoda alt det han hadde
gjort, og sjå, det var overlag godt. Og
det vart kveld, og det vart morgon,
sjette dagen.

2 Såleis vart himmelen og jorda
fullførte med heile sin hær.
[2] Den sjuande dagen hadde Gud
fullført heile sitt verk. Så kvilte Gud
den sjuande dagen etter at han had-
de gjort alt dette. [3] Og Gud velsigna
den sjuande dagen og lyste han hei-
lag. For den dagen kvilte Gud etter
det verk han hadde gjort då han
skapte.
[4] Dette er soga om himmelen og
jorda då dei vart skapte.

Mennesket i Guds hage

På den tid Herren Gud skapte jor-
da og himmelen, [5] fanst det ikkje
ein busk på jorda, og endå hadde
ikkje eit grønt strå runne. For Her-
ren Gud hadde ikkje late det regna
på jorda, og det var ikkje menneske
til å dyrka marka. [6] Men så braut ei
kjelde fram or jorda og vatna heile
marka. [7] Og Herren Gud skapte
mannen av mold frå marka og bles
livsande inn i nasen hans, så man-
nen vart til ein levande skapning.
[8] Herren Gud planta ein hage i
Eden, ein stad i aust. Der sette han
mannen han hadde skapt. [9] Og Her-
ren Gud lét alle slag tre veksa opp or
jorda, herlege å sjå på og gode å eta
av, og midt i hagen livsens tre og det
treet som gjev kunnskap om godt og
vondt.
[10] Ei elv gjekk ut frå Eden. Ho vat-
na hagen og delte seg sidan i fire
greiner. [11] Den fyrste heiter Pisjon.
Det er den som renn kring heile
Havila-landet, der det er gull.
[12] Gullet i det landet er godt. Der er
det dei finn bedolah-kvae og kar-
neol. [13] Den andre elva heiter Gi-
hon. Det er den som renn kring heile
Nubia. [14] Den tredje elva heiter
Hiddekel. Det er den som renn
austanfor Assur. Og den fjerde elva
er Eufrat.
[15] Så tok Herren Gud mannen og
sette han i Eden til å dyrka og verna
hagen. [16] Og Herren Gud gav man-
nen dette påbodet: «Du kan gjerne
eta av alle trea i hagen. [17] Men det
treet som gjev kunnskap om godt og
vondt, det må du ikkje eta av; for
den dagen du et av det, skal du
døy.»
[18] Då sa Herren Gud: «Det er ik-
kje godt for mannen å vera åleine.
Eg vil gje han ei hjelp som svarar til
han.» [19] Og Herren Gud tok jord og
skapte alle dyra på marka og alle
fuglane under himmelen, og han
leidde dei fram til mannen og ville
sjå kva han kalla dei. Det mannen
kalla kvar levande skapning, det
skulle han heita. [20] Så sette mannen
namn på alt feet, alle fuglane under
himmelen og alle villdyra på marka.
Men for seg sjølv fann han inga
hjelp som svara til han.
[21] Så lét Herren Gud ein tung
svevn koma over mannen. Og me-
dan han sov, tok han eit av sidebei-
na hans og fylte att med kjøt. [22] Av
det sidebeinet Herren Gud hadde
teke frå mannen, bygde han ei kvin-
ne, og han leidde henne bort til han.
[23] Då sa mannen:

«Dette er då bein av mine bein
og kjøt av mitt kjøt.
Ho skal kallast kvinne,
for ho er teken av ein mann.»
[24] Difor skal mannen skiljast frå far sin og mor si og halda seg til kona si, og dei to skal vera eitt.
[25] Dei var nakne, både mannen og kona hans, og dei blygdest ikkje.

Syndefallet

3 Ormen var listigare enn alle villdyra som Herren Gud hadde skapt. Han sa til kvinna: «Har Gud verkeleg sagt at de ikkje skal eta av noko tre i hagen?» [2] Kvinna svara: «Vi kan godt eta av frukta på trea i hagen. [3] Berre om frukta på det treet som står midt i hagen, har Gud sagt: Den må de ikkje eta av og ikkje røra; for då skal de døy!» [4] Då sa ormen til kvinna: «De skal ikkje døy! [5] Men Gud veit at den dagen de et av frukta, skal augo dykkar opnast; de skal verta som Gud og kjenna godt og vondt.» [6] No såg kvinna at treet var godt å eta av, og ho tykte det var ein hugnad for augo – eit framifrå tre, sidan det kunne gjera ein klok. Så tok ho av frukta og åt. Og ho gav mannen sin, som var med henne, og han åt. [7] Då vart augo deira opna, og dei merka at dei var nakne. Og dei neste i hop fikenblad og batt kring livet.
[8] Då høyrde dei Herren Gud som gjekk i hagen i den svale kveldsvinden. Og Adam og kona hans gøymde seg for han mellom trea i hagen. [9] Men Herren Gud ropa på Adam og sa til han: «Kvar er du?» [10] Han svara: «Eg høyrde deg i hagen. Då vart eg redd, fordi eg var naken, og så gøymde eg meg.» [11] Då sa han: «Kven har sagt deg at du er naken? Har du ete av det treet eg forbaud deg å eta av?» [12] Adam svara: «Kvinna som du sette til å vera hjå meg, ho gav meg av treet, og eg åt.» [13] Herren Gud sa til kvinna: «Kva er det du har gjort?» Kvinna svara: «Ormen lokka meg, og eg åt.»
[14] Då sa Herren Gud til ormen:

«Fordi du gjorde dette,
skal du vera forbanna
framfor alt fe og alle villdyr.
På buken skal du krypa,
og mold skal du eta
alle dine dagar.
[15] Fiendskap vil eg setja
mellom deg og kvinna,
mellom ditt avkom
og hennar ætt.
Dei skal krasa ditt hovud,
og du skal hogga dei
i hælen.»

[16] Til kvinna sa han:
«Stor vil eg gjera di møde
så tidt du er med barn;
med verk og vande
skal du føda.
Etter mannen din
skal du stunda,
og han skal råda over deg.»

[17] Og til Adam sa han:
«Fordi du høyrde på kona di
og åt av treet
som eg forbaud deg å eta av,
skal jorda vera forbanna
for di skuld.
Med møde skal du næra deg
av henne
alle dine levedagar.

1,27 2,7.21f; Matt 19,4; 1 Kor 11,7 **1,28** 9,1 **1,29** 9,3 **2,2f** 2 Mos 20,11; 31,17; Hebr 4,4 **2,7** På hebr. heiter mann *adam* og mark eller jord *adama.* **2,7** 1,27; 1 Kor 15,45ff **2,8** *Eden:* Namnet likjest eit hebr. ord for glede. I den gr. oms. vert hagen kalla *paradeisos,* av det vårt «paradis». **2,9** Ordt 3,18; Op 2,7; 22,2 **2,11** *Havila-landet:* i Arabia. Sml. 25,18; 1 Sam 15,7. **2,11–14** *Pisjon, Gihon og Hiddekel:* paradis-elvar; dei to fyrstnemnde er ukjende, den sistnemnde er Tigris. **2,12** *bedolah-kvae:* eit slag godangande harpiks. **2,17** Rom 6,23 **2,18** Fork 4,8f **2,22** 1 Kor 11,8; 1 Tim 2,13 **2,23** Den hebr. teksten har her eit ordspel: Mann heiter *isj,* kvinne *isjsja.* **2,24** Matt 19,5; Ef 5,31 **2,25** 3,7 **3,1** *Ormen:* her talerøyr for ei vond og freistande makt. Sml. 2 Kor 11,3; Op 12,9. **3,3** 2,16f **3,4** Joh 8,44; 2 Kor 11,3 **3,6** 1 Tim 2,14 **3,7** 2,25 **3,8** *Adam:* → 2,7. **3,13** 3,4+ **3,15** Hebr 2,14f; 1 Joh 3,8

18 Torn og tistel skal ho bera,
og du skal eta
av vokstrane på marka.
19 Med sveitte i andletet
skal du eta ditt brød,
til dess du fer i jorda att;
for av henne er du teken.
Jord er du,
og til jord skal du atter verta.»

20 Adam kalla kona si Eva; for ho vart mor til alle som lever. 21 Og Herren Gud laga klede av skinn til Adam og kona hans og kledde dei med.

22 Og Herren Gud sa: «No har mennesket vorte som ein av oss og kjenner godt og vondt. Berre det no ikkje retter ut handa og tek av livsens tre og et og lever evig!» 23 Så viste Herren Gud dei ut or hagen i Eden og sette dei til å dyrka jorda, som dei var tekne av. 24 Han dreiv mennesket bort; og austanfor hagen sette han kjerubane og det logande sverdet som svinga att og fram. Dei skulle vakta vegen til livsens tre.

© Det Norske Bibelselskap 1978
2. utgåva 1985
4. opplaget 1987
Oslo 1987